

Møteinnkalling

Utval:	Vestlandsrådet AU
Møtestad:	Digitalt
Dato:	12.03.26
Tid:	Kl 0900

Saker

<i>Godkjenningssaker</i>	
GK 3/26	Innkalling og sakliste
GK 4/26	Protokoll frå møte i Vestlandsrådet AU, 22.01.26
<i>Politiske saker</i>	
PS 5/26	Program E39-konferanse og vidare oppfølging
PS 6/26	Oppfølging av Vestlandsrådet sin næringsstrategi
PS 7/26	Samarbeidssaker i Vestlandsrådet - innspel frå fylkesutvala
PS 8/26	Arendalsveka 2026 - aktuelle arrangement
<i>Referatsaker</i>	
RS 1/26	Program og saker til møte i Vestlandsrådet, 15.april

Møteleiar

Jon Askeland
fylkesordførar

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet AU	02/26	22.01.26

Møteplan våren 2026 - evt. endringar

Forslag til vedtak

1. På grunn av møtekollisjon med fylkestinget i Vestland, 24.-25.mars, vedtek Vestlandsrådet AU at tidspunkta for møte i Vestlandsrådet, 23.mars og E-39 konferansen, 24.mars vert endra slik;

- Nytt tidspkt for møte i Vestlandsrådet i Bergen vert.....
- Nytt tidspkt for ferjefri E39-konferanse i Bergen vert.....

Robert Rastad
fylkesdirektør

Thorbjørn Aarethun
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestlandsrådet har vedteke møteplan for 2026, der det er sett opp møte i Vestlandsrådet 23.mars i forkant av ferjefri E39-konferanse 24.mars.

Det har tidlegare vore kjent at Vestland fylkeskommune har fylkesting 24.-25.mars. Med denne møtekollisjonen vil ikkje representantar frå fylkestinget i Vestland kunne delta på E39-konferansen, 24.mars. Medlemene frå Vestland fylkeskommune i Vestlandrådet vil og vere forhindra frå å møte i det oppsette ettermiddagsmøte i Vestlandsrådet, 23.mars, pga gruppemøter i partia fram mot det påfølgjande fylkestinget dagen etter.

Det er ein svært uheldig situasjon for det planlagde møtet i Vestlandsrådet og for gjennomføring av konferansen, at representantar frå Vestland fylkeskommune ikkje får høve til å delta på dei to arrangementa.

Fylkesdirektøren ber derfor om at AU vurderer møteplanen for Vestlandsrådet våren 2026 på nytt.

Saksnr: 2026/1876-3
Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet AU		22.01.26

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Vestlandsrådet AU, 4.november 2026

Møteprotokoll frå møte i Vestlandsrådet AU, 4.november 2025, vert lagt fram for godkjenning.

Saksnr: 2026/1876-1
Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet AU	01/26	22.01.26

Ferjefri E39-konferanse, 24.mars - status planlegging

Forslag til vedtak

1. Vestlandsrådet AU vil peike på at konferansen sitt hovedformål er å mobilisere kommunar, næringsliv og andre interesser for å påvirke statleg satsing og prioritering av ferjefrie løysingar på E39 i kommande Nasjonal transportplan. På kva måte denne mobiliseringa og felles påverknadsarbeid på tvers av fylkesgrenser skal føregå i fortsettelsen i NTP-prosessen, må vere eit viktig tema på konferansen.
2. Vestlandsrådet AU tek elles orienteringa om det førebuande arbeidet med konferansen til orientering.

Robert Rastad
fylkesdirektør

Thorbjørn Aarethun
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Som ein del av arbeidet med å styrke satsinga på E39, som det viktigaste gjennomgåande vegsambandet i landsdelen, har Vestlandsrådet tidlegare vedteke å arrangere ein Ferjefri E39 - konferanse, 24.mars 2026.

Det er nedsett ei arbeidsgruppe for planlegging av denne konferansen, m.a med deltaking frå næringsråda i Stavanger og Bergen. Arbeidsgruppa er leia av Rogaland fylkeskommune v/lver Jan Leren.

Vedlagt er utarbeidd programskisse for konferansen. Utover dette vil leiar av arbeidsgruppa orientere muntleg på møtet om status og det vidare arbeidet med konferansen.

Saksnr: 2026/1876-5
Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet	04/26	21.01.26

Arendalsveka 2026

Forslag til vedtak

Vestlandsrådet AU går inn for at Vestlandsrådet også i år deltek under Arendalsveka 2026, og ber om at tema og evt. samarbeid for konkrete arrangement vert lagt fram på neste møte i AU.

Robert Rastad
fylkesdirektør

Thorbjørn Aarethun
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestlandsrådet deltok på Arendalsveka 2025 med følgjande arrangement;

- Ferjer og hurtigbåtar: Utsleppskutt og eksport - eller grøn fallitt?
- Ferjefri E39 - sløsing eller gullkanta investering for det nye Vestlandet?
- Vestlandet inviterer til frokost - kan vi eksportere dette?

Arendalsveka 2026 føre i tidsrommet måndag 10.august til fredag 14.august. Partileiardebatten i regi av NRK Debatten går føre seg torsdag 13.august.

For å kunne starte planlegging og evt. samarbeid med andre aktørar frå Vestlandet på Arendalsveka, ser fylkesdirektøren det som aktuelt at Vestlandsrådet AU allereie no vurderer om Vestlandsrådet skal delta på Arendalsveka også i 2026. Dersom det er aktuelt å vurdere slik deltaking også i år, vil fylkesdirektøren kom attende med ny sak om tema og evt samarbeid rundt konkrete arrangement på neste møte i AU.

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet AU	03/26	22.01.26

Samarbeidssaker i Vestlandsrådet - forankring i fylkesutvala

Forslag til vedtak

Vestlandsrådet AU ber om at sekretariatet utarbeider eit forslag til politisk sak som kan leggst fram for alle fylkesutvala, der det vert opna opp for politiske initiativ til konkrete saker og tema som kan løftast inn i Vestlandsrådet.

Robert Rastad
fylkesdirektør

Thorbjørn Aarethun
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Gjennom samarbeidsavtalen for Vestlandsrådet og den vedtekne politiske plattformen for rådet i perioden 2023-2027, er det nedfelt prioriterte områder for politisk samarbeid på tvers av fylkesgrenser i Vestlandsrådet. Felles utfordringar og spørsmål innanfor næring og samferdsel er to utpeikte områder for samarbeidet.

Samarbeidet i Vestlandsrådet har hovudsakleg tre hovudformål:

1. Mobilisere og påvirke inn mot statlege prosessar og virkemiddelbruk.
2. Informasjonsdeling og læring på tvers av fylkesgrensene
3. Samordning av fylkeskommunal virkemiddelbruk og eigarskap i landsdelen

For å sikre god forankring i dei tre fylkeskommunane for det vidare samarbeidet i Vestlandsrådet i 2026, vil fylkesdirektøren forslå at sekretariatet utarbeider ei politisk sak som snarleg kan leggjast fram for alle fylkesutvala, der det vert opna opp for politiske initiativ til konkrete saker og tema som kan løftast inn i Vestlandsrådet. Med bakgrunn i dette vil Vestlandsrådet AU kunne foreslå saker og tema for vidare oppfølging i rådet.